Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balestrand.

Emne: 68

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim,

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand.

G.nr. 5

Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Og etter segner frå ymse bygder i Sogn.

SVAR

1. Dei nemner det Våkeld.
2. Våkeld er jamnast eit stort bål. Elles seger dei - Gjera upp eld. - 3 - Sjå nedst på sida.
4. ukjent.
5. Gamle folk kunde i 1890 åri tala um ein joleloge. Men dei hadde glöymt kva det var.
6. ukjent.
7. Våkeld påskemorgon er ukjent. Men det var folk som gjekk ut og vilde sjå Soli dansa.
8. a. Ja.
   b. ukjent
   c. Ja.
   d. Ja - etter 1914.

Fyrr den tid hadde dei her glöymt Olsok-våkelden. -

9 Dei gjorde upp eld på selböen til vern mot björnen.

10 ukjent

3. Bålet (våkelden) er stor. Elden er lite bål.

14106

11. Ukjent.
12. Dei kveikte våkelden då det tok til å myrkna, vanleg kl. 23.
13. Våkelden lyste so lenge det var noko å brenna. Det var ingi viss tid for det.
14. Ja, til jonsokvåkelden hadde dei ein viss- og berrsynt stad.
15. Til Jonsok- og syftesokvåkeld hadde dei fast stad på ei høgd - eller ein haug.
16. Nei, det var grendi som hadde våkeld.
17. På selbøane brende dei våkeld - når bjørnen var ute eller fenaden.
18. Ikkje alle - men mange både gamle og unge var med.
19. Ja.
20. Ja, born - og hotellfolk for turistar.
21. Ungdomsskular - og ymse slag lag gjer upp eld, når dei er på tur. -
22. Ukjent her -
23. Dei lagde brennemden på marki. Men der dei brende ofte var det mest som ei grop.
24. Dei nytta alt, som var brennande. Til våkeld var det her mest nytta sprakeeine.
25. Ukjent.

14106

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

26.
Dei hogg brenne i skogen det dei hadde bruk for, og dei hjelpetest åt å draga det framan.
27 Alle som var med på våkeldan skulde hjelpa til med dette
28. Skulde båtar - eller gamle ting vera med i våkelden - so fekk dei löyve av egaren til det.
29 Ukjent
30 Det vert framleis brent våkeld - serleg jonsokafta.
31 Våkeldane var ikkje alltid like store. Men på sume kjende stader sette dei si ora i at våkelden lyste godt.
32 Dei kappast um å få högste logen.
33 Ja, det var dygdi um logen stod högt i veret og kunde brenna soleis i lang tid. -
34 Röyk brydde dei seg lite um. Det skulde helst vera klår loge.
35 Ja, gneistar vilde dei gjerne sjå. Det fekk dei ved å letta upp veden i våkelden - eller helst ved å kasta turr eine (sprake) i elden. Då var det ein flaum av gneistar som steig upp, og dette vart synleg i lang tid. -

14106

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

36 Lers bru med dette hadde dei ikkje.
37 Ukjent. — Men elden frå jolaljoset skulde fria buskapen for trollskap.
38 Ukjent
39 — " —
40 Ungdomane leika ofte kring jonsok-våkelden.
41. Til jonsok-våkelden gjekk dei fleste i huslyden — alle som kunde vera med. Dei såg ikkje berre på sin eigen våkeld — men og på alle dei våkeldar dei kunde få auga på i synsrandi. Når dei kom heim talte dei um kvar den største våkelden var — og kva for ein våkeld det var som lyste lengste tidi. Klar låge. Våkeldar som lyste brått upp ei stutt stund og so kom burt att tykte dei lite um. Dei sa då: "Det låg der og feis."
42. Dei var ved våkelden til han hadde brunne heilt ut, og so sløkte dei vel i grunn, sjølv um det var turr mark.
43. Dei hadde ikkje mat med seg, men norsk "Jonsok-kvask" = "jukkar-sjokolade" hadde dei gjerne —
44. Dei danste stundom

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
14106

ved våkelden.
45 Ja, kåte gutar.
46 " —"—
47 Ukjent
48 Dei brende store våk-
eldar på synlege nes
ved fjorden, når det
var gjort ei stor
fangst, som krevde folke-
hjelp. Slike våkeldar kunde
dei Gleda. Eit slikt
minne er Gledesnes ved
Laksevåg. På Færøyane er
endå mange stadnamn
Gledesnes – der dei vitra
um Grind = Grindeskvalen.—

Når folk var på
arbeid i fjellet og låg der
um nettene, for det var
langt heim, då brende
dei våkeldar um kveldane.
Det var teikn på at alt
stod vel til hjå dei, som
arbeidde i fjellet.

Ein tid björnen
gjorde stor skade på buskapen
var det vanleg at dei brann
våkeldar på setbøen um
haustkveldane. Björnen skydde
elden, og buskapen kunde
vera trygg med våkelden. Men
då laut dei halda elden
brennande heile natti.
49 I våre dagar brenner dei
våkeld berre for moro.

14106
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Framande turistar tykkjer serleg gildt um dette.
Sume stader legg dei ut ei gryta med tjöra, bek, stry og petroleum. Det gjer fin, höig loge, som varer lenge.
I stille, blide haustkveldar er dette faget på fjorden. —

50. Jonsok-våkeldar hev dei brent her — so lenge folk veit av. Olsok-våkeldar er noko dei hev teke uppatt — sidan 1914.
Det var Fjellmannalaget i Björgvin (Kristian Bing) som gjorde uppslok til det.

Det tykkjest å auka på med våkeldar Olsokafta

51. Ei tid vilde dei burt frå gamal sed. Dei sa um mykje av dette at det var „gamal katolsk overtru."

Men elden talar til menneske-auga på so mange måtar — og er eit varande teikn på varme til vokster — og nytt liv. Difor lit dei våkeldane brenna.

Balestrand 28. okt. 1958

A. Skåsheim.

14106

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING